

# Hordaland Ungdomslag

1898 — 1948

og

1948 — 1974



UTGJEVE AV HORDALAND UNGDOMSLAG

---

VOSS 1974

Det økonomiske grunnlaget for Hordaland Ungdomslag har alltid vore mindre bra.

\*I dei fyrste 10 åri hadde ein berre lagspengane frå einskildlagi å lita på. Noko lite innkoma kunde det og verta av dei store stemnone som vart tilskipa, sjølv om dei ikkje tenkte så mykje på det å tena pengar på stemnone i den tid. Det vart lagd meir vinn på å skipa til stemnor som skulde gjeva eldre og yngre ungdomar kveik i arbeidet, så dei ymse merkesaker som laget hadde teke opp, kunde vinna framgang.

Men det er no eingong so at utan mynt er det vandt å få noko gjort. Styret i fylkeslaget stod nokso makteslaus. Med ei innkoma av 10 øre for kvar lagslem vart ikkje sumen stor. I 1898 var innkoma såleis kr. 118,70. Det vaks i 1907 til omlag kr. 304,00.

Det seier seg sjølv at fylkesstyret laut sjå til å få litt andre innkomer. Lagspengane vart auka til kr. 0,25 for kvart lagslem, og det muna litt.

I 1908 kom laget med i arbeidet for å reisa eit forretnings-tiltak i Bergen. Korleis ein kom med i dette arbeidet går ikkje klårt fram av møtebøkene, men med i arbeidet vart Hordaland ungdomslag, og einskildmenn og -lag vart oppmoda om å teikna luter. Det går heller ikkje tydeleg fram av bøkene kor mange luter laget teikna seg for, men eitt er sikkert — Hordaland Ungdomslag vart med og skipa L/L Norsk Herbyrge. Dette lutlaget var dei saman med Vestlandske Mållag og Vestmannalaget om. Dei leigde husvære i Strandgt. 53 i Bergen, og opna i 1910 herbyrgeverksemd og kaffistova der. Tiltaket slo godt an mellom folk i bygd og by, og pengar tente dei og.

Sjølve laget fekk ikkje so mykje av overskotet, nokre hundrad kronor kvart år, men lutlaget bygde ut verksemd, og la grunnlaget for fleire tiltak i Bergen. Soleis var dei med og skipa L/L Kaffistova til Bondeungdomslaget i Bergen, og var med og kjøpte eigedomar

til Gula Tidend, og gav bladet stønad, såleis at det kunne koma ut som dagblad frå 1914. L/L Norsk Herbyrge var også med og gjorde opptaket til skiping av L/L Landsbanken, som kom i verksemd i 1914.

I 1914 vart forretningi i Strandgt. seld til lagi i Sogn og Fjordane, likevel såleis at Norsk Herbyrge var interessert med  $\frac{1}{5}$  part. I staden kjøpte lutlaget Rådstoveplass 3 og 5, og opna der Hotell Vestmannaheimen. Hotelldrifti gav bra innkoma, men det vart ikkje so mykje i kassa til dei interesserte lagi. Laget nytta pengane til stønad av ymse tiltak, og då serleg til Gula Tidend. Det tok ogso på seg ymse garantiar, t. d. når det gjaldt kjøp av tuft til Det Norske Teatret i Oslo, til ein lærarhøgskule i Asker og til utgjeving av Bibelen på nynorsk. Skulen vart ikkje lagd til Asker, men det arbeidet som vart gjort hadde mykje å seia for at Lærarhøgskulen på Lade vart til røynd så snøgt.

I 1918 skipa L/L Norsk Herbyrge Hotel Folkvang på Stord. Vidare sette lutlaget saman med Bondeungdomslaget igang Hotel Hordaheimen i Bergen. H. ul. var og med å skipa Bondeheimen på Voss. Tyngste taket tok likevel fylkeslaget med å reisa Norsk Kunsthandverkskule på Voss. Det var soleis ei mengd økonomiske tiltak H. ul. var med i på denne tid.

Dei gode tidene frå 1914—20 la eit godt grunnlag for at dei tre lagi som åtte lutlaget, kunde sjå framtidi ljost i møte. Men det vart onnorleis.

Dei store garantiane lutlaget hadde vore med og gjeve, bøygde det i kne, og i 1923 gjorde det buslit, og borte var mest alt i hop. Diverre drog det og Hordaland Ungdomslag med seg. Så det stod att på berr bakke, — ja i grunnen var det ikkje bakke eingong, men berre urdi. Det nyttar lite å løyna det.

Det økonomiske grunnlaget for Hordaland Ungdomslag i 1923 var verre enn då laget vart skipa. Og verre var det at tiltrui var borte. Fleire gode lagsfolk kom også i vanskar avdi dei hadde garantert for lån til bygging av Kunsthandverksskulen på Voss.

Men ungdomen i Hordaland laut ha sin samskipnad, og han vart tufta på nytt lag. Arbeidet vart teke oppatt, men økonomien var skral. Tidene var ikkje sers gode, og vart ikkje betre ei tid framover. Vestmannaheimen vart førebils overteken av disponent Sverdrup Foss, bokhandlar Madsen, professor Hannås og Klaus Vabø. Dei dreiv forretningi med lånt middel, og då skuldi var betalt, fekk dei tre lagi som åtte Norsk Herbyrge forretningi med omlag kr. 4000.— i kontantar. Det vart skipa L/L Vestmannaheimen med kr. 3000.— i kapital. Av dette eig Hordaland Ungdomslag kr. 1000.—. Pengane fekk laget vederlagsfritt hjå nemndi som hadde drive frå 1923. Frå 1927 til 1936 dreiv L/L Vestmannaheimen hotellverksemd i Rådstoveplass 3 og 5, som L/L Vestlandsbanken var eigar av. Tidene var skrale, og lagi fekk berre utbetalt overskot eit par år.

Då banken fekk bruk for meir rom til kontor, vart leigekontrakti ikkje oppattnya for det av huset som låg fram mot gata, men ein kunde få halda fram i bakbygningen. Dåverande styre og årsmøte vågde ikkje å halda fram med verksemd, og selde forretningi.

Ein kan vel seia no, at ein gjorde ein feil den gongen. Lutlaget har ikkje funne høveleg husvære, så ein kan skipa til ny verksemd. Men lutlaget er ikkje oppløyst, så ein får tru at det enno kan koma i gang.

Ved skiping i av Kaffistova til Bondeungdomslaget var, som før nemnd, L/L Norsk Herbyrge med. Forutan rentor av innskoten kapital, skulde lutlaget ha  $\frac{3}{15}$  partar av utetla overskot. Etter Norsk Herbyrge sitt buslit, fall denne retten bort, etter Kaffistova sine vedtekter, men årsmøtet der, gjorde i 1924 vedtak om at dei tre lagi som åtte Herbyrget, skulde få ha desse rettene framleis. Soleis har Hordaland Ungdomslag heile tidi sidan fått  $\frac{1}{15}$  av overskotet frå Kaffistova til B. u. l. Jamt over har dette vore kr. 1.000,00 årleg til Hordaland Ungdomslag, og ein vonar at tilhøvi vert soleis at ein framleis kan rekna med denne innkoma.

På same måten var det med L/L Hotell Hordaheimen, der lutlaget skulde ha  $\frac{1}{6}$  part av øverskotet. Retten fall bort, men dei tre lagi fekk retten til å byta det overskotet som fall på Norsk Herbyrge. Då eigedomen i C. Sundtsgata var dyr, og ein ikkje såg ei lysning i nedgangstidi etter fyrste verdenskrigen, laut L/L Hordaheimen likvidera i 1932, men L/L Kaffistova til B. u. l. greidde å berga foretningi, og kjøpte. Såleis har no Hordaland Ungdomslag  $\frac{1}{15}$  part av overskotet ogso av denne verksemd. Dette er dei faste innkomekjeldor laget har utanom lagskatten frå einskildlagi.

L/L Vestmannaheimen i Bergen har ei eiga på omlag kr. 7.500 som Hordaland Ungdomslag eig  $\frac{1}{3}$  part av.

Etter nyskiping i 1924 arbeidde laget tungt økonomisk. Einskildlagi hadde under fyrste verdskrigen bygd seg store og dyre ungdomshus, og ogso dei streva med rentor og avdrag. Lagsskatten var rett nok auka til 0,50 for kvar medlem, men årspengane gjekk dårleg inn, og fylkeslaget hadde soleis lite å rutta med. Budgettet i åri 1924—35 kom sjeldan opp i tri tusen.

Frå 1936 kan ein segja at det vart litegrand lysning. Einskildlagi hadde det romslegare, og dette spegla seg ogso att på fylkeslaget sin kasse. Ein sette ogso i gang eit par små lutspele som gav noko innkoma, og som gjorde arbeidet lettare for dei styrande.

Då krigen kom var arbeidet i godt gjenge. Ein hadde soleis sett seg råd til å kjøpa ungdomsbladet «Unglyden» m. a. og ein hadde høve til å setja i gong ymse tiltak som kunde fremja ungdomsarbeidet. Soleis fekk ein bygd meir ut skipnaden med lagsleidarskeid, noko ein elles hadde havt fleire av ogso i dei slakke tidene.

Krigstidi førde med seg at laget laut gje opp arbeidet. Då styret måtte levera inn bøker og kassa, hadde laget ein kassamiddel av kr. 2391,05. Etter det ein kan sjå av bøkene hadde dei ikkje store innkomor i lagsskatt den tid N.S. styrde med laget. Det var i alt berre kr. 202,— etter det bøkene viser. Dertil kjem

det som dei fekk frå Kaffistova til Bul. for åri 1943—44 kr. 3000,—. Desse pengane og noko innkomor frå reisande med film, som dei fekk avgift av, vart brukt. Noko gjekk nok til Noregs ungdomslag, men elles er samhavet millom fylkeslag og landslag so uklårt at ein kan ikkje finna greie på det av bøkene.

Styret i Bondeungdomslaget og forretningstyret for L/L Kaffistova til Bul. og Hotell Hordaheimen var i den tid innsett av NS. Dei gamle styri var ute av funksjon.

Dei kr. 2391,05 som var innlevert i 1942 har Noregs Ungdomslag fått att hjå Erstatningsdirektoratet, og er kome innatt i Hordaland Ungdomslag sin kasse. Dei innkomor laget hadde medan det var nasifisert gjekk tapt.

Frå 1945 har laget hatt bra arbeidsvilkår. Styret i 1942 som leverte kassa til politiet, heldt undan ein sum på kr. 1052,38. Det var eit overskot på eit lutspele laget hadde hatt. Dette var ikkje kassaført og ein tok vare på sumen til krigen var slutt. Det vart då startkapitalen. Det gamle styret tok oppatt arbeidet, og vende seg til einskildlagi og bad dei gjera det same, samstundes som dei bad om eit tilskot for å få arbeidet att i gang. Lagi var hjelpsame, og i åri 1945/46 fekk laget beinveges gåvor på kr. 2845,96.

Lagsskatten har ogso gått bra inn for 1945—46, men for 1947 var det mindre bra. Innkomone i 1946 var kr. 9475,09 og 1947 kr. 6067,80. Grunnen var at i 1946 var overskotet på Hordastemna sers godt.

Heller ikkje fekk ein noko beinveges tilskot frå einskildlagi i 1947. Når innkomone har auka noko sidan føre krigen kjem det av at Noregs Ungdomslag sette opp lagspengane til kr. 0,50 for kvar medlem. Fylkeslaget måtte då setja årspengane til kr. 1,—.

Innkomone har auka, men utlogone fylgjer godt etter, so skal ein halda arbeidet oppe so ungdomsrørsla og dei saker me arbeider for kan ha framgang, lyt ein ogso tenkja på økonomien og halda han i god orden.

*Klaus Vabø.*

*Kaffistova Løvestakken.*

Denne kaffistova som ligg på Danmarks plass i Bergen, vart kjøpt i 1960 av Sognalaget og Hordaland Ungdomslag som i lag har drive verksemda sidan. Sognalaget med 2/3 og Hordaland Ungdomslag 1/3. Kjøpesummen var kr. 75 000. Driftsresultatet har vore noko skiftande frå år til år, men ved eit slikt attersyn må ein seia at det var rett å satsa på tiltaket. Styret og tenestefolket har heile tida gjort sitt beste.

Det synte seg snart at staden låg slik til at det ville vera rett å leggja stor vekt på gjesterom der «slutta lag» kunne tinga seg rom, t. d. ved bryllaup, gravferder o. l.

I 1969 og 70 vart det difor føreteke ei ombygging og oppussing som også førde til rasjonalisering av drifta. Kostnaden vart kring kr. 75 000. Og auken i omsetnad både ved kaffistova og gjestestovene kom snart. Men den store auken i driftsutgifter gjer at ei slik verksemd må drivast godt om det skal gi nemnande overskot.